



Didrik Håland Solberg
Radøyvegen 3065
5939 SLETTA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6615 - 23/32135

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
27.04.2023

Revidert melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 415/8 Nordanger

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: /

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Kommunen viser til skriv av 24.04.2023 som gjelder melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø – gbnr 415/8 Nordanger. Noverande skriv av 27.04.2023 erstattar dette skrivet.

Klage på delegert vedtak av 17.10.2022 om frådelling av om lag 0,93 da frå gbnr 435/8 med etablert våningshus, vart handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 15.03.2023, der følgjande vedtak vart fatta:

«APM- 039/23 Vedtak:

Klagen frå tiltakshavar i sak 22/6615, datert 03.11.2022, vert i teken til følgje. Det delegerte vedtaket av 17.10.2022 vert difor ikkje oppretthalde og det nye vedtaker vert:

«Med heimel i jordlova § 12 vert det gjeve løyve til frådelling av om lag 0,93 da på gnr. 435, bnr. 8 i Alver kommune.

Areal, plan og miljøutvalet legg til grunn at ei frådelling etter jordlova vil styrke busettingsomsynet i denne delen av kommunen, og det vil vere i samsvar med kommuneplanen sin samfunnsdel vedteke for Alver kommune.

Utvalet meiner vidare at frådellinga ikkje vil vera til vesentleg ulempe for landbrukdrifta på staden, og viser til at bustadtomta ligg tett opp til fylkesvegen, i utkanten av tunet, og at den viktigaste driftsområdet i tunet ligg nord for våningshuset på haugen.

Vidare vil ein vise til at det ikkje går med landbruksareal ved omsøkt frådelling.»

